



Notat

Dato: 13.08.2014
Arkivsak: 2014/19795-1
Saksbehandlar: petbor5

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Melding om lokal læreplan for innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i Hordaland fylkeskommune

Fylkesdirektør opplæring sette våren 2014 ned ei faggruppe som har utarbeidd forslag til lokal læreplan for innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i HFK. Læreplangruppa har bestått av lærarar frå Bergen katedralskole og Årstad vidaregåande skole, samt ein representant frå NAFO (Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring) og representantar frå seksjon skule.

Det er laga læreplanar i seks fag; norsk, samfunnsfag, engelsk, matematikk, naturfag og kroppsøving. Alle faga har to kompetansenivå. Tanken er at ein kan nytte dei læreplanmåla som vil vere høvelege ut frå elevane sitt nivå. Den lokale læreplanen er basert på element frå læreplanar for grunnskulen og for vidaregåande skule.

Fylkesrådmannen vil at planen skal vere rettleiande for undervisning i innføringsklassar i HFK skuleåret 2014/15. I løpet av skuleåret vil seksjon skule invitere lærarar til diskusjon om deira erfaringar og oppmode til innspel om forbetringar.

Samstundes får nærare 30 kontaktlærarar og faglærarar i innføringsklassane dette året tilbod om kompetanseheving innanfor migrasjonspedagogikk. Kurset består av 4 samlingar under leiing av Høgskulen i Bergen, avdeling for lærarutdanning.

Vedlegg

1 Lokal læreplan for innføringsklassar i Hordaland